



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 02.06.2014
Vår ref.: 2014/15415-2
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune til Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbilar

Transnova har gjort eit grundig arbeid i framstillinga av elbilmarknaden og ladetilbodet. Hordaland fylkeskommune støtter opp om råma og hovudkriteria i framlegget til nasjonal strategi. Vi har følgjande merknadar:

- Dei nye tilskotsreglane utan absoluttgrense generelt og utan prosentvis tilskotsgrense i korridorar spesielt gjer forsterka satsing i byområde og fullførande utbygging av fjellovergangar mogleg. Hordaland fylkeskommune ønskjer å bruke dette til å oppskalere tilbodet i tettbygd strøk og å ferdigstille vidare korridorar.
- Byområda står framleis for den største delen av elbilmarknaden, men korridorane er eit viktigare satsingsområde for hurtigladetilbodet. For det fyrste kan bykøyning dekkast av normallading i mykje større grad, for det andre har grisgrendte strøk dårlegare alternativ til privatbilien. Dette må få følgjer for den føreslåtte prioriteringa av middel mellom byområde og korridorar.
- Vi føreslår følgjande definisjon av ladestasjonar i korridorar: Korridorpunkt er prioriterte hovudveger på fylkes- eller nasjonalt nivå utanfor tettbygd strøk. Det må takast høgde for at korridorar på blant anna Vestlandet byrjar allereie 30 km utafor bysentra, som til dømes eksisterande stasjon på Halhjem Ferjekai eller omsøkte stasjon ved Trengereid. Liknande høve på Austlandet er Hokksund ved Hønefoss.
- Dessutan ber vi om meir fokus på at nesten ferdig stilte korridorar som kan binde nasjonale transportkorridorar saman, vert prioritert. Døme på dette er Rv9, Rv7 eller Rv13.

Gudrun Mathisen
leiar

Einar Aalen Hunsager
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Vedlegg

- 1 Høringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune til Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbilar
- 2 image001
- 3 image002
- 4 image003
- 5 image004